



Bak til venstre står lagleiar Jofrid Eik frå Uskedalen. Dei andre uskedelingane på biletet står slik: Helene Haugland tre frå venstre, Reidun Musland ni frå venstre, Ida Røssland 11 frå venstre, To uskedelingar sit: Anita Simensen nummer ein og Hege Lekva nummer åtte. (Foto: Kvinnheringen)

#### Av 25 spelarar på lista over damelaget i fotball i Kvinnherad kjem seks frå Uskedalen

Rosendal sitt damelag har fått til eit samarbeid med resten av kommunen.

- Det har vore heilt nødvendig å få på plass eit damelag. Samarbeidet har tvunge seg fram og gjev resultat, seier nyttilsett trener Stig Dagfinn Tveiten til Kvinnheringen.

Gjennom vinteren og våren har laget trena ein kveld på Husnes og ein dag i Uskedalen. I snitt har 14 spelarar vore samla og det er trenaren fornøgd med. På laget er det mange mødrer med små born og fleire har skiftarbeid. Stallen er difor ikkje større enn den må vera, Det vil alltid vera nokre forfall til kampane.

Målsettinga er å byggja eit lag på sikt. Det viktigaste er at spelarane trivst saman utan store tankar om opprykk. Resultata får koma etter kvart. Hvis dei kjem i opprykksposisjon ved sesongstart tek dei det som ein bonus.